

---

Saksnr: 2020/76073-1  
Saksbehandlar: Bekka Skaasheim

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.11.2020

**Konsekvensar og tiltak Covid-19**

Forslag til vedtak:

Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.

**Samandrag**

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse legg med dette fram eit oversyn over konsekvensar og tiltak, så langt, under pandemien COVID-19. Saka viser korleis pandemien har påverka vidaregåande opplæring utover dei økonomiske konsekvensane.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Bekka Skaasheim  
assisterande fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse legg med dette fram eit oversyn over konsekvensar og tiltak, så langt, under pandemien COVID-19. Saka viser korleis pandemien har påverka vidaregåande opplæring utover dei økonomiske konsekvensane.

Fylkesdirektøren vil understreke at det har vore ein krevjande situasjon på alle nivå i sektoren. Pandemien utfordrar evne til omstilling og samhandling for å redusere skadeverknadane for elevar og lærlingar, primært, men også konsekvensar for tilsette, samarbeidet med partane i arbeidslivet og samfunnet elles. Sektoren står framleis i utfordringa og eit fullgodt oversyn over konsekvensar er såleis uråd å legge fram.

### 1. Økonomiske konsekvensar av Covid-19

Pandemien har ført til endra kostnadsbilete i delar av sektoren. Førebelse berekningar tyder på eit samla meirforbruk i 2020 på om lag 10 mill.kr. Meirutgifter/inntektstap og mindreutgifter knytt til Korona har slått ulikt ut på skulane ut frå type skule/tilbod. I samsvar med fylkeskommunen sin politikk er ingen tilsette på skulane permitterte som følgje av pandemien.

Dei økonomiske konsekvensane av Korona på skulane er m.a. knytt til:

- Meirutgifter: auke i forbruksvarer knytt til smittevern, utstyrskjøp til bruk på heimekontor, auka lønsutgifter knytt til gardsdrift.
- Inntektstap: leigeinntekter internat, salsinntekter kantine, salsinntekter elevarbeid, eksamensavgift, inntektsbortfall på oppdragsverksemd.
- Mindreutgifter: eleveksamen (t.d. sensor og eksamensvakt), reise-/kursverksemd som ikkje er eksternt finansiert, redusert matinnkjøp til kantine og skulefrukost.

Pt har ein ikkje sett på konsekvensar av at de er innført raudt nivå i Bergensregionen i november. Det er grunn til å tru at det vert auka utgifter til mellom anna vikarbruk fordi det stilt krav om at skulane så langt råd skal vere open.

Våren 2020 vart omfanget av privatisteksamen redusert. Det førte til reduserte inntekter frå eksamensavgift samstundes måtte eksamensavviklinga fordelast på fleire lokasjonar noko som førte til auka utgifter. Covid-19 har også store økonomiske konsekvensar i haust melom anna fordi det er sett strenge krav til kor mange personar som kan vere samla i eit lokale.

### Ekstra statlege løyvingar på grunn av Covid-19 i 2020

4,1 mill.kr. til oppfølging av sårbare barn og unge som har fått tapt progresjon på grunn av Covid-19. Målsettinga er å redusere elevane sin eventuelle tapte progresjon i perioden skulane har vore stengt eller hatt redusert opningstid.

18,5 mill. kr. retta mot oppfølging av årets avgangskull som har fått hol i vitnemålet.

32,5 mill.kr. til tiltak retta mot permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring. Tilskotet skal nyttast til å gje målgruppa opplæringstilbod slik at dei får høve til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse.

21,4 mill.kr. ekstraordinær auke i lærlingtilskotet hausten 2020. Auken utgjer kr 708,- per lærekontrakt pr månad hausten 2020.

5,1 mill. kr. for at fleire skal bruke ordninga fagbrev på jobb. Ordninga skal gjere det enklare å kombinere arbeid og opplæring, og er ein del av kompetansereforma.

22,1 mill.kr til tiltak retta mot lærlingar som er eller står i fare for å bli permittert eller miste læreplassen. Tiltak for at fleire får læreplass hausten 2020. Ordninga gjeld lærlingar, lære kandidat og praksisbrevkandidatar. Midlane kan også nyttast til vg3 i skule som alternativ til læreplass.

14,8 mill.kr. til å styrke fagbrev på jobb ordninga jf. FU-sak 88/20 kompetansehevingstiltak. Tiltak for å styrke fagopplæring og høgare yrkesfagleg utdanning. og eit styrka stadbasert fagskuletilbod i region Sunnhordland.

Tilby fagbrev på jobb særleg retta mot utsette bransjar for å bidra til at fleire ufaglærte i utsette næringar kan få høve til å oppnå fagbrev.

## 2. Tekniske løysingar

Då COVID-19 «traff» oss vart dei tekniske løysingane for å kunne organisere heimeskule nødvendige, noko det låg godt til rette for. I denne situasjonen var det imponerande korleis elevar og tilsette tok teknologien i bruk.

Fylkesdirektøren valde to løysingar basert på teknologi og system som allereie var i bruk hjå skulane for å kunne komme raskt i gang med å legge om til digital opplæring.

Ei løysing for dei vidaregåande skulane i gamle Hordaland, basert på Itslearning og Google Meet

Ei løysing for dei vidaregåande skulane i gamle Sogn og Fjordane, basert på Microsoft Teams

I veke 11 vart det arranger møte med skulane der løysingar for å drive ei digital opplæring vart presentert og rutinar for videokonferanse vart gjennomgått.

Det vart oppretta ei eiga nettside for heimeskule i VLFK med tips og opplæringsressursar for lærarane:

<https://sites.google.com/gskole.no/skulevianett/start>

Det vart raskt lagt til rette for webinar for det pedagogisk digitale støtteapparat (PDS) i bruk av videokonferansesystema. PDS har vidare hatt kurs på skulane etter behov. Dette er vidare følgd opp frå fylkesdirektøren med samlingar og gjennom løpande kontakt.

Utover hausten er skulane tilbydd ulike webinar, t.d. i bruk av verktøy i Itslearning, Teams eller G Suite for Education til “hybrid læring”<sup>1</sup>.


Arbeidet med å skaffe gode digitale læremiddel er aktualisert meir enn nokon gong. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse søkte om midlar frå «Den teknologiske skulesekken» til innkjøp av digitale læremiddel og fekk tildelt 4,4 mill. frå Utdanningsdirektoratet. Dei vidaregåande skulane har fått tildelt midlar etter elevtal, og fylkesdirektøren har samordna nokre innkjøp. Nye digitale læremiddel som følgjer Fagfornyinga er mangelfull og fleire læremiddel er førebels berre på bokmål. Det er imidlertid fullt mogleg å bruke delar av eldre læringsressursar inn mot arbeidet med dei nye læreplanane, og vg2 og vg3 er enno ikkje inkludert i reforma.

## 3. Undervisning og omstillingsevne, tilsette og elevar


Grunnlaget som var lagt med tanke på infrastruktur, maskinvare, programvare, læremiddel, støtteapparat og digital kompetanse generelt ga oss god uttelling i den raske omlegginga til digital opplæring.

Fylkesdirektøren si vurdering av omstillingsevna til både tilsette og elevar under koronavåren var stor. Dette viser seg mellom anna i undersøkingar hjå elevar i slutten mars-juni.

**Eg har hatt fagleg utbytte av heimeskulen**



**Eg har opplevd heimeskulen som variert med ulike arbeidsmåtar**



I tilbakemeldingane frå elevar og lærarar ser vi at det kan vere vanskeleg å variere undervisninga med heimeskule, og i tillegg vanskeleg å tilpasse arbeidsmengda. Mange elevar rapporterte at dei hadde mange innleveringar og opplevde eit høgt arbeidspress. I enkelte fag og fagområde vart det vanskeleg å drive god opplæring utan tilgang på rom og spesialutstyr, og utan mulegheit for elevane til å kunne samarbeide fysisk.

Fylkesdirektøren har samarbeid med nettlærar og epedagogar, laga døme for gode reiskapar og arbeidsmåtar, og desse er lagt ut på nettsida for heimeskulen.

### 3. Informasjon til elevar, lærlingar, skular, lærebedrifter, tilsette og publikum

Etter utbrotet av korona har fylkesdirektøren brukt ei rekke tilgjengelege informasjonskanalar for gi elevar, lærlingar, skular, lærebedrifter og andre relevante oppdatert informasjon.

På heimesida til fylkeskommunen har ein laga egne sider for informasjon om korleis korona-situasjonen har påverka tenestetilbodet. På nettsidene er det formidla praktisk informasjon om kva elevar, privatistar, deltakarar i vaksenopplæring, lærlingar, skular og lærebedrifter. Informasjon er og lagt ut på skulane sine internettsider når dette har vore nødvendig for å sikre at alle elevar, føresette og andre får viktig informasjon knytt til korona.

I heile perioden er det sendt ut hyppige informasjonsbrev til skulane med fortløpande informasjon om situasjonen og dei til ei kvar tid gjeldande korona-tiltaka. Elevar og lærlingar har fått relevante meldingar på SMS, og bedrifter har fått egne brev og meldingar i Vigo.

Det er og lansert ein chatbot på internettsidene for sektoren. I starten gav den svar på spørsmål kring korona og opplæring. Denne er ein gradvis utvida til å kunne gi gode svar på fleire tema om vidaregåande opplæring. Tenesta er mykje brukt, og har til no gjennomført over 8000 samtalar der den gir brukare svar på ulike spørsmål

Fylkesrådmannen har jamleg sendt informasjon til alle tilsette i Vestland fylkeskommune frå starten av pandemien. Til dette er intranett og SMS nytta. Fylkesdirektøren har jamnlege møte med rektorane om driftssituasjonen og formidla nasjonale føringar for smittevern.

#### Støttetelefon

Det var stor usikkerheit korleis stengde skular og permitteringar påverka ungdommen si psykiske helse. I Vestland fylkeskommune vart det derfor oppretta eit lågterskel samtale tilbod, der ungdom kunne ta kontakt med fagpersonar med psykologisk kompetanse. Støttetelefonen hadde oppstart torsdag 26. mars og var i drift fram til juni. Ordninga vart gjort kjent gjennom pressemelding, oppslag på Vestland si heimeside, SMS til alle elevar, informasjon på facebook sida til elev og lærlingomboda og oppslag på ITs learning og Teams.

Dette tilbodet vart lite nytta og er ikkje vidareført etter juni-20.

### 4. Internasjonalisering og tilbod i utlandet.

Vestland fylkeskommune har samarbeidsskular i fem samarbeidsregionar; Erfurt (Tyskland), Normandie (Frankrike), Edinburgh (Skottland), Missouri (USA) og Cardiff (Wales), og i skuleåret 2019/20 var det 77 elevar som tok eit opplæringsår (Vg2) i utlandet i regi av fylkeskommunen. Fylkesdirektøren arbeidde intenst med å trygge situasjonen for desse elevane, og få dei heim frå utlandet. Det var særleg heimreise frå USA som var utfordrande. Alle elevane kom tilbake til Norge, og fullførte skuleåret gjennom nettundervisning anten frå skulen dei gjekk på i Vg1, eller koordinatorskulen (som har ansvaret for Vg2-tilboda i utlandet) i Vestland.

Amalie Skram vidaregåande skole har utvekslingsavtale med skular i Japan, Kina, Austerrike, Martinique, Spania og Tyskland, om å sende 1-2 elevar til samarbeidsskulane for å ta Vg2. Under Covid-19 måtte Amalie Skram vgs både hente, og sende heim elevar.

I tillegg var det omlag 175 elevar frå Vestland fylke som tok Vg2 i utlandet i regi av ein utvekslingsorganisasjon. Mange av desse tok kontakt med skulane dei gjekk på i Vg1, og fekk tilbod om nettundervisning ut året.

Elevar som ikkje fekk gjennomført opplæringsåret i utlandet, grunna Covid-19, kunne søke fylkeskommunen om godkjenning av skuleåret og fag, forskrift til Opplæringslova §1-16a- for opplæringsår i utlandet både i regi av fylkeskommunen og private organisasjonar. Fylkesdirektøren godkjende skuleåret, medan rektor ved skulen godkjende faga. Det var 184 elevar som søkte om godkjenning til fylkeskommunen. Godkjenning gjorde at elevane kunne oppretthalde planlagd progresjon.

#### Praksisopphald i utlandet gjennom Erasmus+

Fylkeskommunen sender kvart år yrkesfagelevar og lærlingar på praksisopphald (14 dagar til 3 mnd) i Europa gjennom EU-programmet Erasmus+. I mars 2019 hadde fylkeskommunen 77 elevar og 8 lærlingar på ulike praksisopphald. Også her jobba fylkesdirektør og skulane intenst med å trygge situasjonen for elevane og lærlingane, og med å få ordna med heimreise for alle. Alle kom heim og fortsette opplæringa si ved skulen sin eller lærebedrifta.

## 5. Vurdering

### Standpunktkarakterar

Våren 2020 vart nesten alle eleveksamenar avlyste og avgangselevane fekk vitnemål utan eksamenskarakterar. Utdanningsdirektoratet si analyse av karakterar i vidaregåande skule 2019-20 viser at trenden der gjennomsnittskarakteren aukar held fram. Auken er ikkje stor i kvart fag, men Utdanningsdirektoratet påpeikar at det er uvanleg at auken gjeld så mange fag samstundes. Auken er størst i fellesfaga, men det er også auke i snittkarakteren i mange av programfaga både på studieførebuande og på yrkesfag. Vestland følgjer den nasjonale trenden på dette området.

Standpunktkarakterar frå ungdomsskulen viser same trend. Tilbakemelding frå dei vidaregåande skulane syner at konsekvensen av denne utviklinga, gjer det utfordrande å vite kva kunnskapsnivå elevane har når dei startar i vidaregåande opplæring. Truleg vil dette generere eit behov for ressursar utover oppfølging av årets avgangskull, og måtte også rettast inn mot elevar som startar i vg1.

### Fag- og sveineprøvar

Koronasituasjonen har hatt konsekvensar for gjennomføring av fag- og sveineprøvar. Våren 2020 var det ein periode heilt stopp i gjennomføring av prøvar. Ein del lærlingar har ikkje hatt høve til å ta prøve før etter at læretida var slutt.

Det ser ut til at det i Vestland i 2020 vil bli gjennomført om lag 12 % færre prøvar enn i 2019.

Prøvenemndene har prioritert gjennomføring av prøvar for lærlingar framfor praksiskandidatar.

Gjennomførte prøver for lærlingar er difor berre om lag 3 % lågare enn i fjor. Koronarestriksjonar i november og desember kan påverke desse tala.

### Privatisteksamen

Våren 2020 var det planlagt rundt 11500 privatisteksamenar i Vestland fylke, dei fleste av desse i Bergen. For å avgrense talet på kandidatar i eksamen fekk kandidatane tilbod om å melde seg av eksamen og få refundert avgifta. Rundt 1100 personar meldte då av ein eller fleire eksamenar. I tillegg var det ein del som ikkje møtte på sjølve eksamensdagen. Samla sett viser tala at gjennomføringsprosenten for privatisteksamen våren 2020 var på ca. 70% som er omtrent 5 % lågare enn normalt.

## 6. Gjennomføring

### Kompenserande tiltak i opplæringa, skule og lærebedrift

I behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2020 blei det sett av midlar til kompensierende tiltak i opplæringa. Midlane er eingongs tiltak i knytt till Covid-19-pandemien. Tilskota vart gitt til kommunar, fylkeskommunar og friskular. Fylkesdirektøren lyste ut midlane til dei vidaregåande skulane og opplæringskontor/lærebedrifter, samt friskulane. Dei tre tiltaka skal støtte opp om auka gjennomføring. Teksten under viser kva tiltak som kjem inn under kriteria:

#### **Tiltak 1: avgangskullet 2020 (vg3 i studieførebuande og vg3 yrkesfaglege utdanningsprogram) skal fullføre vidaregåande opplæring.**

Alle elevar som fekk «negative karakterar» ved karakteroppgjering våren 2020 ( IV med FAM21 eller 1-arar) skal få tilbod om intensivopplæring fram mot eksamen. Skulane skal kartlegge og gje tilbod til denne målgruppa, slik at dei har ei god førebuing til privatisteksamen.

#### **Tiltak 2: sårbare barn og unge, på alle nivå, får mindre tap i progresjonen enn dei har no.**

Skulane skal styrke opplæringa (intensivopplæring eller leksehjelp) for sårbare elevar. Skulen skal sjølv vurdere kva elevar som er sårbare. Alle elevar bør vurderast, også dei som før smittetiltaka vart vurdert som ikkje sårbare.

	<b>Tiltak 1 for at elevar i årets avgangskull skal fullføre</b>	<b>Tiltak 2 retta mot sårbare barn og unge som følgje av reduksjon i opplæringstilbodet</b>
Tilskot frå Udir	18.528.000	4.068.165
Samla søknadssum frå skulane	1.866.000	Ca 13.000.000
Rest (kan overførast til 2021)	16.662.000	- 8.931.835

#### **Tiltak 3: for lærlingar, lære kandidatar og lærebedrifter**

Tilskotet skal rettast mot lærlingar og lære kandidatar som står i fare for å bli permitterte/er permitterte, eller har mista lære plassen. I tillegg skal tilskotet bidra til at fleire får lære plass hausten 2020.

Tilskotet kan nyttast til:

- Økt tilskot til lærefag der det er mange permitterte kr 50.000,-
- Stimuleringsmidlar til godkjente bedrifter som tek over lærlingar frå andre kr 30.000,-

- Forlenging av lære- og opplæringskontrakter inntil kr 50.000,-
- Tilskot til lærebedrifter om tek inn ein ekstra lærling/lærekandidat kr 30.000,-
- Tilskot til nye lærebedrifter kr 30.000,-

Fylkesdirektøren fekk inn vel 120 søknader frå opplæringskontor og større lærebedrifter.

Søknadane fordelte seg slik:

Kriterie	Auka tilskot der det er mange permitterte	Stimuleringsmidlar godkjente bedrifter-overtok lærlingar frå andre	Forlenging av kontrakt/læretid	Tilskot til godkjende bedrifter som tek inn ekstra lærling/lærekandidat	Tilskot nye bedrifter
Sats	50.000 kr	30.000 kr	50.000 kr	30.000 kr	30.000 kr
Samla søknader	3,8mill	1,6mill	6,3mill	3,7mill	5,7mill

Fylkesdirektøren sitt grunnlag for tildeling:

I vurderinga av søknadane har fylkesdirektøren prioritere søknader som kan bidra til at fleire får læreplass. Etter at departementet opna opp for å nytte midlane til vg3 i skule, har fylkesdirektøren tildelt opplæringskontor og lærebedrifter 15mill og sett av 7mill til finansiering av vg3 i skule.

#### Tal skuleårssluttarar i vidaregåande skule

Sluttarar pr måned	2017/18	2018/19	2019/20
Oktober	168	184	184
November	65	59	53
Desember	59	47	52
Januar	109	96	104
Februar	76	74	56
Mars	66	85	77
April	89	67	35
Mai	65	52	36
Juni	17	21	15
Juli			1
Ukjend		12	7
<b>Sum skuleårssluttarar</b>	<b>714</b>	<b>697</b>	<b>584</b>

Som tala viser er det færre som har slutta våren 2020 og fylkesdirektøren kan ikkje sjå at COVID-19 har hatt negativ påverknad på tal skuleårssluttarar. Dette er vidare stadfesta gjennom spørjing til dei vidaregåande skulane.

#### Tal avslutta lærekontraktar i bedrift

	2017	2018	2019	nov.20
Bedrifta sitt ønske	47	36	41	29
Einigheit	196	205	237	160
Lærlingen sitt ønske	80	51	34	27
Blank	20	14	24	5
<b>Sum avslutta kontraktar</b>	<b>343</b>	<b>306</b>	<b>336</b>	<b>221</b>
Overført ny kontrakt eller endra kontraktstype	176	175	194	110
Totalt endringar kontraktar	519	481	530	331

I 2020 ser ut til å bli eit år med litt nedgang i talet på avslutta lærekontraktar. Fylkesdirektøren har berre registrert 1 avslutta kontrakt der Covid-19 er oppgitt som grunn.

Grunnen til hevingane er i dei fleste tilfelle personlege årsaker/anna, og kan skuldast sjukdom, mistriivsel eller andre grunnar. Mange oppgir også feilval som årsak, eller at lærlingen flyttar.

### Tal permitterte og oppsagde lærlingar

I perioden 1. mars til 1. november har 457 lærlingar/lærekandidatar vore permitterte i kortare eller lenger tid i Vestland. Dei fag som er mest ramma av permitteringar er: Tømrar, frisør, elektrisk, kokk, servitør, sal, bil, lette køyretøy og boreoperatør. Av desse var frisørar, kokkar og servitørar hardast råka og i ei særstilling med godt over ein fjerdedel permitterte av alle lærlingane i fylket i sine fag.

	<b>Talet på lærlingar og lærekandidater som har vore permitterte pga koronapandemien</b>
Bygg- og anlegg	49
Design og håndverk & Medier og kommunikasjon (gammel ordning)	117
Elektrofag	76
Helse- og oppvekstfag	2
Naturbruk	6
Restaurant- og matfag	77
Service og samferdsel	33
Teknikk og industriell produksjon	97
<b>SUM i fylket</b>	<b>457</b>

Per 1. november er 17 lærlingar registrerte som permitterte i Vestland, fordelt på fleire fag. Med dei innstrammingstiltaka som skjer no nasjonalt kan ein truleg vente at talet kan auke i for m.a kokk/servitørfaget.

### **7. Samarbeid med tillitsvalde og verneombod**

I denne situasjonen har det vore viktig å ha tett samarbeid og dialog med tillitsvalde og verneombod. Dette har vore følgd opp på tre ulike nivå:

- Fylkesrådmann (konsern)
- Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse (sektor)
- Rektor (lokalt)

Frå sentraladministrasjonen har det vore hyppige møte, initiert på kort varsel, frå fylkesrådmannen. Fylkesdirektøren har hatt COVID-19 som fast sak i sine ordinære informasjon- og drøftingsmøte. Fylkesdirektøren har presisert at rektor lokalt skal involvere elevar, tilsette og vernetenesta gjennom respektive tillitsvalde i gjennomføring og oppfølging av tiltak.

Under følgjer eit oversyn over møte og saker som er informert og/eller drøfta med dei fylkeshovudtillitsvalde og fylkeshovudverneombod.

Fylkesrådmannen har gjennomført fem møter der sakene har vore:

Mogleg mellombels overføring av personell til helseføretak og kommunar i samband med koronakrisa
Koronaberedskap: Fylkeshovudverneombodet viste til at hovudtillitsvalde har vore med i drøfting av beredskapsplan på overordna nivå, men i arbeidet med å finne gode lokale løysingar er det viktig at tillitsvalde og verneombod er med. Det er difor viktig at arbeidsgjevar har ein plan for når og kor lokale tillitsvalde skal medverke.
Mogeleg forskyving av arbeidstida ved dei vidaregåande skulane grunna press på kollektivtrafikk avviklinga i rushtida i Bergen sentrum.
Drøfting sak om forskyving av arbeidstid i samsvar med avtaleverket og SFS 2213.
Korona og heimekontor

Fylkesdirektøren har hatt COVID-19 som fast sak i dei ordinære informasjons- og drøftingsmøta. Aktuelle saker har vore:

<p>Informasjon om Korona-situasjon  FHI sine retningslinjer  Vlfk.no korona-info  Delvis gjenopning av skulane frå 27.04.  Daglege møter med einingsleiarane.  Utfordringar opplæring i bedrift.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• undervisning i fellesfaga på YF</li> <li>• privatisteksamen ekstra</li> <li>• vg3-i skule</li> </ul> <p>Medverknad</p>
<p>Informasjon om koronasituasjonen  Oppattopning av skulane. Sentrale føringar kjem i slutten av veka.  Det har vore gjennomført ei kartlegging av eventuelt fråfall i denne perioden. Ingen markante utslag avdekkar seg. Skulen er bekymra for dei ein tidlegare også hadde ei bekymring for.  Skyss er eit område som har særleg fokus.  Fag- og yrkesopplæring-problem med å gjennomføre og avvikle prøvar. Her er eit stort press og konsekvens for neste steg og frigjering av læreplassar.</p>
<p>Avslutning av skuleåret og oppstart haust-20  Orientering om stoda innan opplæring i bedrift:  Permitterte lærlingar-talet er går ned.  Ingen lærlingar er sagt opp  Siste periode: 31 nye  Formidlingsprosessen: 1000 er formidla pr. idag  Vg3 i skule, omfang uavklara</p>
<p>Utdanningsløftet 2020  Krisepakke 3 - utdanningsløftet.</p>
<p><b>Utdanningsløftet 2020- nasjonale midlar</b>  33 mill ledige og permitterte  22 mill tiltak for lærlingar- fordelt til opplæringskontora  18 mill-kvalifisering Vg3 stud.spes. og Vg2 yrkesfag-fordelt til skulane</p>
<p>Drøfting  Rutinar for bruk av streaming i Vestland fylkeskommune</p>
<p>Informasjon  Skuledrift på raudt nivå</p>

## 8. Konsekvensar for det sentraladministrative arbeidet.

COVID-19 pandemien har ført til at fylkesdirektøren har prioritert driftsoppgåver framfor utviklingsoppgåver. Tiltak og utviklingsprosjekt er skyvd i tid. Fylkesdirektøren vil særskilt nemne oppfølging av vedtak om skulefrukost og vaksine. Fagfornyinga som skulle vere det store utviklingsprosjektet har kome i «skuggen» av COVID-19. Fleire fysiske arrangement er gjort om til webinar og reiseaktiviteten minimal. Dette har redusert fylkesdirektøren sitt ønske om å vere «tett på» praksisfeltet og vere til støtte i lærings- og utviklingsarbeid i sektoren.

Pandemien og endringane den har kravd viser at opplæringssektoren kan omstille seg. Omstillinga ved å gjere opplæringa digital og ta i bruk digitale løysingar for samhandling, internt og eksternt, har opna for nye arbeidsmåtar og fleksibilitet i arbeidet. Fylkesdirektøren si leiargruppe fungert som beredskapsgruppe og følgd opp sektoren sine driftsutfordringar, i periodar dagleg.

Under pandemien er det etablert strukturar for samhandling med nasjonalt nivå. KS har organisert og koordinert møte mellom Statsråd, Kunnskapsdepartement og fylkeskommunane. Dette har vore viktige arenaer for felles informasjon og drøfting om utfordringar som fylkeskommunane står i, der nasjonale myndigheiter har ønska dialog om tiltak som er iverksett.



I sentraladministrasjonen har fylkesdirektøren særleg arbeidd tett med fylkesrådmannen, eige dom om reinhaldstenesta ved skulane og med skyss om skuleskyss.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Saka har økonomiske konsekvensar

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Saka har konsekvensar for folkehelsa

**Regional planstrategi:**

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring og kompetanse til å ta saka til vitande.